

Fellesmøtet i kommunesalen 28.september 2011.

REFERAT :

Frå Rådet for funksjonshemma møtte Alfred Brusegard, Anne Berit Bøe, Bjørg Rimeslåttan og Per Osvald Bøthun.

Frå Eldrerådet møtte Arne Bjelde, Reidun Sørensen, Arnor Mannsverk og Kjetil Ertesvåg.

Frå kommunen møtte ordførar Jarle Aarvoll.

Alfred Brusegard ønskte alle velkomne til møtet.

Ordføraren fekk ordet først , og han orienterte om bakgrunnen for skisseprosjektet til ein ny sjukeheim.

Nøkkelord her var: Samhandlingsreformen og dei nye oppgåvene det medfører for kommunen.

Talet på eldre vil auka i åra som kjem , og dermed behov for fleire sjukeheimsplassar.

Samlokalisering for legesenter, fysioterapi, heimehjelp tenesta og ambulanse.

Ordføraren poengterte at skisseprosjektet på dette tidspunktet ikkje var noko anna enn eit forslag. Ingen ting var vedteke. Det ny kommunestyret ville bli orienterte når den tida kom, og det var det som måtte ta den endelege avgjersla.

Det kom fleire innlegg og spørsmål frå rådsmedlemmene med svar og kommenterar frå ordføraren før han måtte forlata møtet.

Etter at ordføraren var gått, kom det fleire innlegg og forslag frå dei frammøtte. Det heile enda opp med at møtet vedtok at dei to råda ville senda inn ein felles ,skriftleg kommentar til det framlagte skisseprosjektet. Bjørg Rimeslåttan og Per Osvald frå Rådet for funksjonshemma og Kjetil Ertesvåg og Arne Bjelde frå Eldrerådet vart valde til å forma ut eit slikt skriv.

Alfred takka alle for frammøte og ønskte vel heim.

Referent: Arne Bjelde